

Sport →

# – Me veit likestillinga i fotball i Brasil er ille, men me har ein lang veg å gå også i Noreg

No blir den tredje workshopen i brasilprosjektet gjennomført.



Christian Frøyd, Karin Wunderlich Casemiro, Isabelle Stival, Kaja Rekkedal og Sara Bruvik frå samlinga i Sogndal i vår. FOTO: JIM SKARSTEIN

**Oppdatert:** 2 dagar sidan

– Me ynskjer å setje fokus på jentene sine moglegheiter til å drive med fotball og anna aktivitet, ikkje berre i Brasil men også i Sogn og Fjordane, seier prosjektleiar Christian Frøyd.

Empowering girls through football-prosjektet (EGP) er eit studentutvekslingsprosjekt mellom Høgskulen på Vestlandet og Federal University of Paraná i Curitiba, Brasil.

No reiser Frøyd til Curitiba for den tredje av fire workshopen i prosjektet som har ein varigheit på fire år og som strekk seg til juli 2024.

Han reiser saman med Birte Barsnes Frøyd frå HVL og Vårin Ness som i denne samanhengen er student.

– Me ynskjer ringverknader for vi veit at likestillinga i fotball i Brasil er ille, men me har ein lang veg å gå også i Noreg.

**LES ÒG:**



**Brasil møter Sogn: Set fokus på diskriminering i jentefotballen**

## Viktig ressurs

Han seier den første workshopen var i Curitiba august 2023, medan den andre var i mars 2024 i Sogndal.

No skal dei altså attende til Curitiba. Tema er blant anna status i fotballprosjektet med trening av jentene, forskning, refleksjonar, og førelesingar om blant anna kognisjon, organiseringa av fotball i Brasil og Noreg, rasisme og empowerment.

– Me har to studentar frå HVL som er der på langtidsutveksling, Stine Liknes og Sara Bruflåt som bidreg inn mot prosjektet.

Frøyd trekk fram Vårin Ness som ein viktig ressurs denne turen.

– I tillegg til å skrive masteroppgåve om prosjektet, spelar ho på damelaget til Sogndal FK, jobbar i Sogn og Fjordane fotballkrets og er lokal.

Frøyd gledar seg til å sjå korleis utviklinga til dei Brasilianske jentene har vore sidan sist besøk og korleis prosjektet påverkar dei lokale trenarane som er involvert.

– Fleire av føredraga blir overført digitalt og eg oppmodar dei som er interessert og har moglegheita til å følgje med gjennom nettstaden til prosjektet.

---

**Publisert:** tysdag 5. november 2024 kl. 19:00

**Oppdatert:** 2 dagar sidan



**UTFORSK TEMA:**

**SOGNDAL**

**BRASIL**

**HVL**

**FOTBALL**

**LIKESTILLING**

**Liknande artiklar**



**Jentefotballen i fokus:  
- Me er avhengige av å  
skape entusiasme**



**Desse damene slår  
alle ned i støvlane**



**Forsøk skal inspirere,  
men kommunane er  
ikkje heilt der enda**

